

**SAK 07/23 ARBEID MED SAMFERDSEL FRAM MOT NTP 2024****Saksopplysing:**

Samferdsel har vore og er framleis ei høgt prioritert oppgåve for Regionrådet for Hallingdal og ei av hovudsatsingane i strategisk plan for 2022 – 2025. I juni 2021 var det etablert eit tverrpolitisk samansett samferdselsutval for å styrke innsatsen for betre veg og bane i og til Hallingdal. Her var også organisasjonane, LO og NHO med, samt representantar frå næringslivet.

Samferdselsutsvalet hadde sitt første møte i februar 2022 og hadde tre møte denne våren. Hausten 2022 var prega av jernbanekamp og samferdselsutsvalet hadde ingen møte, sjølv om fleire utvalsmedlemmer engasjerte seg i kampen om forkorting av Bergensbanen. Regionrådet har sidan hausen 2022 drøfta om eit samferdselsutsval er rette måte å jobbe på, om utvalet har ressursar nok, om dei svarar på mandatet, og om det er tilstrekkeleg oppfølging og dialog med Regionrådet m.m. Då utvalet stod utan administrativ ressurs i januar 2023, var det 7 månader sidan siste møte i utvalet og det hadde vore fleire utskiftingar blant medlemmene. Saka vart derfor tatt opp i Regionrådet. Det vart i sak 6/23 gjort slikt vedtak:

*«Regionrådet tilrår at Samferdselsutsvalet blir lagt ned i noverande form, men at ein ser på andre måtar å få til tverrpolitisk påverknad fram mot NTP våren 2024. Samferdselsutsvalet sine medlemmer blir bedt om å evaluere arbeidet så langt og koma med forslag til korleis ein kan jobbe med samferdsel framover. Evalueringa vil danne grunnlag for ei sak til Hallingtinget i april»*

*Evaluering vart sendt ut i slutte av mars til dei 12 medlemmene i utvalet.*

*50% av medlemmene svarte og spørsmåla såg slik ut:*

1. Korleis opplever du at arbeidet i samferdselsutsvalet har fungert fram til no?
2. Kva har vore bra og kva kunne vore gjort betre eller på annan måte?
3. Har du forslag til endringar i organisering, måten å jobbe på, samansetning og korleis Hallingdal skal lykkast for å få realisert viktige satsingar innan veg og bane?

Alle respondentane meiner at tverrpolitisk representasjon er viktig og at det er positivt å ha med næringsliv og organisasjonar i ei eller anna form. Alle er positive til arbeidsforma, det blir trekt fram at det har vore nytig med kunnskapspåfyll og kunnskapsdeling.

Når det gjeld forslag til endring blir det nemnt fast møteplan, ein meir konkret framdriftsplan og tilstrekkelege ressursar. To av respondentane meiner det hadde vore ein fordel om ein hadde hatt ein fast administrativ ressurs som jobbar med samferdsel og påverknad på fulltid.

I denne saka blir Hallingtinget invitert til å drøfte, og ta stilling til korleis me skal organisere samferdselsarbeidet i Hallingdal framover

**Vurdering:**

Veg og bane er ein av dei viktigaste føresetnadene for vekst og utvikling i Hallingdal. Samferdsel må derfor prioriterast høgt også i framtida. Kampen om samferdselsmidlane er evigvarande og det er stadig fleire prosjekt som kjempar om dei same midlane. Det er derfor viktig at Regionrådet har ein viss kompetanse innan fagfeltet, og det er avgjerande at eit tverrpolitisk Hallingdal står samla og at næringsliv og organisasjonar er med og dreg i same retning.

Dagleg leiar meiner ein bør utgreie mogelegheiter for ein administrativ ressurs som kan jobbe med samferdsel på heiltid. Her vil finansiering vera avgjerande og ein må derfor finne ut korleis kommunar, Regionråd og næringsliv ser for seg at ein kan bidra. Eit anna moment er kva som skjer med Forum nye Bergensbanen i framtida. FNB er, og har vore ein pådrivar og lobbyorganisasjon i fleire år, men no har dagleg leiar fått ny jobb og forumet må velge retning vidare.

Samferdselsarbeidet i Hallingdal har lukkast med noko og mislukkast på andre område. Ein har vore avhengig av politikarar med kunnskap og gjennomføringsvilje og kontinuiteten har vore i administrasjonen. Dagleg leiar trur det er viktigare enn nokon gong med tverrpolitisk engasjement i dalen. Kanskje det politiske engasjementet må styrkast samanlikna med tidlegare år. I tillegg vil det vera viktig å skape gode alliansar både vestover og austover mot Ringerike.

Når det gjeld organisering av samferdselsarbeidet er det fleire aktuelle modellar, som til ein viss grad kan vera avhengig av framtidige samarbeidspartar.

Alt.1: Same løysing som i dag

Alt.2: Eit reint tverrpolitisk utval der næringslivet blir engasjert frå sak til sak

Alt.3: Eit tverrpolitisk utval og ein eigen «organisasjon» for næringslivet som t.d. K5 Alliansen. I eit slikt samarbeid ville det vera naturleg å vurdere samarbeid Ringerike/Hallingdal, både ut frå felles interesser i veg og bane men også i forhold til Buskerud fylke.

Alt: 4: andre kombinasjonar

#### **Forslag til vedtak:**

Samferdselsutvalet i Hallingdal heldt førebels fram som i dag og skal til neste Hallingting halde tak i NTP prosessen og samstundes presentere ei vurdering på følgjande:

1. Behov for- og ev. finansiering av ein administrativ ressurs
2. Korleis skal næringsliv og organisasjonar innvolverast
3. Tverrpolitisk samansetning og organisering etter valet i haust.

Hallingdal, 17. april 2023

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar